



Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Dato: 22.02.2017  
Vår ref.: 2016/10523-18  
Saksbehandlar: pernord1  
Dykkar ref.:

## **Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune til kommuneplanens arealdel- Kvinnherad kommune**

Hordaland fylkeskommune oversender her fråsegn til høyring av kommuneplanen sin arealdel for Kvinnherad kommune. Hordaland fylkeskommune gav fyrst ei mellombels fråsegn til planen og ba om dialog med kommunen om planforslaget. Deretter hadde Kvinnherad kommune, fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune eit informasjons-/dialogmøte om planen. Til slutt vedtok utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) Hordaland fylkeskommune si endelege fråsegn til planen. Det er varsla motsegn til planen av omsyn til vern av kulturminne.

Hordaland fylkeskommune si fråsegn følgjer i dette dokumentet.

Eva Katrine Ritland Taule  
fagleiar kommunal plan

Per Nordmark  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Fylkesmannen i Hordaland

Arkivnr: 2016/10523-5

Saksbehandlar: Per Nordmark, Eva Katrine Ritland Taule, Gunhild Raddum, Jomar Ragnhildstveit, Endre Korsøen, Else- Marie Brobakke Aarø, Lars Øyvind Birkenes, Ole Vegard Skauge

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	26/17	15.02.2017

## Fråsegn til kommuneplanens arealdel 2016-2026 - Kvinnherad kommune

### Samandrag

Kvinnherad kommune har sendt kommuneplanens arealdel på høyring med frist 8. desember 2016. Føremålet med rulleringa var i utgangspunktet ei teknisk oppdatering, men planen har utvikla seg til ei meir omfattande rullering. Det er sendt ei administrativ fråsegn innan fristen med spørsmål om dialogmøte og utsett frist for politisk handsaming. Det vart deretter halde eit felles avklaringsmøte med Kvinnherad kommune på administrativt nivå og fylkesmannen.

Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut ifrå korleis den oppfyller målsetjingar og føringar i regionale planar, og om den tek omsyn til regionale interesser på område der fylkeskommunen har forvaltaransvar. Planen er særskild kompleks og detaljrik. Vurderingane er difor i nokon grad generelle og overordna. Etter avklaringsmøtet har administrasjonen i Kvinnherad kommune skissert alternative planløyser som langt på veg er tilfredsstillande for sentrale spørsmål. Planforslaget er ikkje endra, og fråsegn gjeld planen slik den er sendt på høyring.

Kommunen har lagt ned eit omfattande arbeid for å etablere eit godt og brukarvenleg arealkart med tilgjengeleg informasjon. Kommunen har lukkast godt med dette. Sjølvne planskildringa er knapp og vi saknar ei drøfting av arealbehov, mål og strategiar, og korleis dette vert sikra gjennom ny arealbruk.

Dei regionale interessene for akvakultur, mineralforvaltning, folkehelse og barn og unges interesser er i stor grad ivaretatt gjennom planforslaget. Planen føler i liten grad opp retningslinjer for senterstruktur og handel som er gjevne i den regionale planen for attraktive senter.

Fylkesrådmannen meiner planen tek for lite omsyn til regionale interesser for samordna areal- og transportplanlegging, kulturminne og kulturmiljø, forvaltning av landskap, strandsone og friluftsiinteresser, særleg gjennom omfattande bruk av spreidd utbygging i landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-S).

Kommunen har i stor grad teke omsyn til kulturminne og kulturmiljø i planen. Det er likevel manglar i føresegnene knytt til arealføremåla LNF-S, naust, småbåthamn, område for bruk og vern av sjø og vassdrag samt akvakultur. Det er også manglar når det gjeld omsynssoner for kulturminne. Fylkesrådmannen rår til at det vert fremja motsegn til planen av omsyn til vern av kulturminne.

## Forslag til vedtak

- 1 Hordaland fylkeskommune ser det som viktig og positivt at Kvinnherad kommune rullerer arealdelen av kommuneplanen og får ein arealdel med felles planskildring, plankart og føresegner for heile kommunen inkludert sjøareala. Den heilskaplege og tilgjengelege kartløyninga som er utarbeidd for arealdelen er ei god og framtidretta løysing som legg til rette for god medverknad, informasjonsdeling, innsyn og einsarta sakshandsaming.
- 2 Planskildringa er ein vesentleg juridisk del av plandokumentet, og bør tydelegare drøfta behov, mål og strategiar for lokalisering av bustader, fritidsbustader, næring og areal for naust og småbåthamn.
- 3 Dei regionale interessene for folkehelse og barn og unge sine interesser kunne vore tydelegare utgreidd og vektlagt. Mineralforvaltning er i stor grad ivaretatt gjennom arealdelen til kommuneplanen.
- 4 Hordaland fylkeskommune meiner akvakultur i stor grad er ivaretatt i planframlegget. Fleksibilitet for eksisterande akvakulturanlegg er sikra på ein god måte. Hordaland fylkeskommune rår til at akvakulturområde som ikkje er egna til laks og aure vert vidareført då desse kan nyttast til andre artar og produksjonsformer.
- 5 Planframlegget bør i større grad følge opp Regional plan for attraktive senter i Hordaland for å fremja attraktive senter, livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport.  
Planen bør innehalda:
  - Definisjon av senterstruktur i kommunen i samsvar med regional plan.
  - Omtale og vurdering av trong for handelsareal.
  - Omtale av sentrumsutstrekning, særleg viktig for regionsenteret Husnes.
  - Plankrav for sentrumsområda.
- 6 Planframlegget opnar for omfattande utbygging av bustad, fritidsbustad, næringsføremål og naust innafor føremålet spreidd utbygging av landbruks-, natur og friluftsområde (LNF). Føresegnene gjev lite styring med arealbruk og samfunnsutvikling. Fylkeskommunen meiner regionale interesser for samordna areal og transport, kulturminne og kulturmiljø, og forvaltning av strandsone, landskap og friluftsiinteresser ikkje vert godt nok ivaretatt. Omfanget av spreidd utbygging i LNF-område bør reduserast.
- 7 Strandsona er ein ressurs som det er viktig å ivareta heilskapleg og langsiktig. Funksjonell strandsonavgrensing opnar for differensiering bygd på kartlegging og dokumentasjon av strandsoneverdiar. Kvinnherad kommune har vist ny byggjegrænse mot sjø i plankartet basert på funksjonell strandsonavgrensing, men samanhengen med strandsonekartlegginga går ikkje fram av planmaterialet. Det gjer heller ikkje grunngevinga for avsette område til naust, bryggjer, flytebryggjer og moloar. Planen bør dokumentera og grunnkje byggjegrænse og tiltaka i strandsona.
- 8 Alle tiltak i LNF-Spreidd område skal sendast Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren for vurdering i høve til potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Det er knytt motsegn til dette punktet. Motsegn fell bort dersom dette vert teke inn i dei felles føresegnene til planen.
- 9 Der det er lagt inn nye naustføremål utan plankrav, nye småbåthamner, nye område for bruk og vern av sjø og vassdrag, samt nye eller endra bruk av akvakulturføremål skal alle tiltak

sendast Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren og Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering i høve til kulturminne i sjø og potensial for funn av slike.

Det er knytt motsegn til dette punktet. Motsegn fell bort dersom dette vert teke inn i dei felles føresegnene.

- 10 Det er nokre manglar i kommuneplankartet når det gjeld omsynssoner for kulturminne. Opplysingar om desse er lagt ved og må rettast opp. Det er knytt motsegn til dette punktet. Motsegn fell bort når manglane er retta.
- 11 Nokre LNF-spreidd område bør avgrensast eller takast heilt ut:
- a. Austlege del av LNFS-01-07 Skarvatun, grunna tidlegare motsegn i kommunedelplan.
  - b. LNFS-12-01 Indre Matre, reduserast nord for vegen grunna svært stort potensial for funn av automatisk freda kulturminne.
  - c. LNFS-04-12 bør gå ut grunna nærføring til Malmanger prestegard som er freda.
  - d. Den delen av LNSF-06-04 som omfattar Fjellandsbø bør gå ut grunna kulturlandskap og kulturmiljø.
  - e. LNSF-15-01 på Fjellbergøy bør avgrensast slik at det ikkje omfattar den søre del av området ved Fjeldberg prestegard.

Nokre areal for småbåthamn bør avgrensast eller takast heilt ut:

- f. Småbåthamn Sm-03-06 bør avgrensast eller takast heilt ut grunna automatisk freda kulturminne id. 212354 og det samla kulturmiljøet. Skal det opnast for tiltak må det stillast plankrav.
- g. Austlege del av småbåthamn Sm-15-01 bør takast ut eller reduserast grunna nærføring til freda bygg og kulturmiljø.

## Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 15.02.2017

**Olav Kvinge (H)** sette fram slikt forslag til vedtak nytt pkt. 7:

« Kvinnherad er i mildaste kategori for bygging i strandsona og det bør speilast/visast i planen. Strandsona er ein viktig ressurs som det er viktig å ivareta heilskapleg og langsiktig. Funksjonell strandsonavgrensing opnar for differensiering bygd på kartlegging og dokumentasjon av strandsoneverdiar. Kvinnherad kommune har vist ny byggjegrænse i plankartet basert på funksjonell strandsonavgrensing men samanhengar med strandsonkartlegginga går ikkje fram av planmaterialet. Det gjer heller ikkje grunngjevinga for avsette område til naust, bryggjer, flytebryggjer og moloar. Planen bør dokumentere og grunngje byggjegrænse og tiltaka i strandsona. Bygging av naust og fritidsbustadar, kan gjere det meir attraktivt å busetje seg i Kvinnherad.

**Rosalind Fosse (Frp)** sette fram slikt forslag til vedtak:

«11 Nokre LNF-spreidd område bør avgrensast:

- a. Austlege del av LNFS-01-07 Skarvatun, grunna tidlegare motsegn i kommunedelplan.

Nokre areal for småbåthamn bør avgrensast eller takast heilt ut:

f. Småbåthamn Sm-03-06 bør avgrensast grunna automatisk freda kulturminne id. 212354 og det samla kulturmiljøet. Skal det opnast for tiltak må det stillast plankrav.

g. Austlege del av småbåthamn Sm-15-01 bør reduserast grunna nærføring til freda bygg og kulturmiljø.»

## Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 til 6 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 7 vart vedteke med 8 røyster ( A, Krf, Sp og V) mot 5 røyster (H og Frp).

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 8 til 10 vart samrøystes vedteke.

Fosse sitt forslag pkt. 11a fekk 2 røyster(Frp) og fall mot fylkesrådmannen sitt forslag som fekk 11 røyster.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 11b vart vedteke med 8 røyster mot 5 røyster (Frp og H).

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt.11 c, d og e vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 11 f vart vedteke med 8 røyster mot Fosse sitt forslag som fekk 5 røyster (Frp og H).

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 11 g vart vedteke med 8 røyster mot Fosse sitt forslag som fekk 5 røyster (Frp og H).

## Vedtak

- 1 Hordaland fylkeskommune ser det som viktig og positivt at Kvinnherad kommune rullerer arealdelen av kommuneplanen og får ein arealdel med felles planskildring, plankart og føresegnar for heile kommunen inkludert sjøareala. Den heilskaplege og tilgjengelege kartløysinga som er utarbeidd for arealdelen er ei god og framtidretta løysing som legg til rette for god medverknad, informasjonsdeling, innsyn og einsarta sakshandsaming.
- 2 Planskildringa er ein vesentleg juridisk del av plandokumentet, og bør tydelegare drøfta behov, mål og strategiar for lokalisering av bustader, fritidsbustader, næring og areal for naust og småbåthamn.
- 3 Dei regionale interessene for folkehelse og barn og unge sine interesser kunne vore tydelegare utgreidd og vektlagt. Mineralforvaltning er i stor grad ivaretatt gjennom arealdelen til kommuneplanen.
- 4 Hordaland fylkeskommune meiner akvakultur i stor grad er ivaretatt i planframlegget. Fleksibilitet for eksisterande akvakulturanlegg er sikra på ein god måte. Hordaland fylkeskommune rår til at akvakulturområde som ikkje er egna til laks og aure vert vidareført då desse kan nyttast til andre artar og produksjonsformer.
- 5 Planframlegget bør i større grad følge opp Regional plan for attraktive senter i Hordaland for å fremja attraktive senter, livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Planen bør innehalda:
  - Definisjon av senterstruktur i kommunen i samsvar med regional plan.
  - Omtale og vurdering av trong for handelsareal.
  - Omtale av sentrumsutstrekning, særleg viktig for regionsenteret Husnes.
  - Plankrav for sentrumsområda.
- 6 Planframlegget opnar for omfattande utbygging av bustad, fritidsbustad, næringsføremål og naust innafor føremålet spreidd utbygging av landbruks-, natur og friluftsområde (LNF). Føresegnene gjev lite styring med arealbruk og samfunnsutvikling. Fylkeskommunen meiner

regionale interesser for samordna areal og transport, kulturminne og kulturmiljø, og forvaltning av strandsone, landskap og friluftinteresser ikkje vert godt nok ivaretatt. Omfanget av spreidd utbygging i LNF-område bør reduserast.

- 7 Strandsona er ein ressurs som det er viktig å ivareta heilskapleg og langsiktig. Funksjonell strandsoneavgrønsing opnar for differensiering bygd på kartlegging og dokumentasjon av strandsoneverdiar. Kvinnherad kommune har vist ny byggjegrønsing mot sjø i plankartet basert på funksjonell strandsoneavgrønsing, men samanhengen med strandsonekartlegginga går ikkje fram av planmaterialet. Det gjer heller ikkje grønsing for avsette område til naust, bryggjer, flytebryggjer og moloar. Planen bør dokumentera og grønsing byggjegrønsinga og tiltaka i strandsona.
- 8 Alle tiltak i LNF-Spreidd område skal sendast Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren for vurdering i høve til potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Det er knytt motsegn til dette punktet. Motsegn fell bort dersom dette vert teke inn i dei felles føresegnene til planen.
- 9 Der det er lagt inn nye naustføremål utan plankrav, nye småbåthamner, nye område for bruk og vern av sjø og vassdrag, samt nye eller endra bruk av akvakulturføremål skal alle tiltak sendast Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren og Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering i høve til kulturminne i sjø og potensial for funn av slike. Det er knytt motsegn til dette punktet. Motsegn fell bort dersom dette vert teke inn i dei felles føresegnene.
- 10 Det er nokre manglar i kommuneplankartet når det gjeld omsynssoner for kulturminne. Opplysingar om desse er lagt ved og må rettast opp. Det er knytt motsegn til dette punktet. Motsegn fell bort når manglane er retta.
- 11 Nokre LNF-spreidd område bør avgrønsast eller takast heilt ut:
  - a. Austlege del av LNFS-01-07 Skarvatun, grunna tidlegare motsegn i kommunedelplan.
  - b. LNFS-12-01 Indre Matre, reduserast nord for vegen grunna svært stort potensial for funn av automatisk freda kulturminne.
  - c. LNFS-04-12 bør gå ut grunna nærføring til Malmanger prestegard som er freda.
  - d. Den delen av LNSF-06-04 som omfattar Fjellandsbø bør gå ut grunna kulturlandskap og kulturmiljø.
  - e. LNSF-15-01 på Fjellbergøy bør avgrønsast slik at det ikkje omfattar den søre del av området ved Fjeldberg prestegard.

Nokre areal for småbåthamn bør avgrønsast eller takast heilt ut:

- f. Småbåthamn Sm-03-06 bør avgrønsast eller takast heilt ut grunna automatisk freda kulturminne id. 212354 og det samla kulturmiljøet. Skal det opnast for tiltak må det stillast plankrav.
- g. Austlege del av småbåthamn Sm-15-01 bør takast ut eller reduserast grunna nærføring til freda bygg og kulturmiljø.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 2 Høyringsbrev - Arealdelen til kommuneplanen - Kvinnherad kommune
- 3 Føresegner.pdf
- 4 KU+og+ROS.pdf
- 5 Planforklaring.pdf
- 6 Rettleiar+kommunekart.pdf
- 7 Vedtak+formannskapet+om+utlegging.pdf
- 8 Tillegg til høyring arealdel til kommuneplanen - KU Akvakultur - Kvinnherad kommune
- 9 Førebels fråsegn til Kommuneplanens arealdel Kvinnherad kommune

Fylkesrådmannen, 22.11.2016

## 1. Bakgrunn

Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Samfunnsdelen skal fungere som grunnlag for kommuneplanens arealdel og drøfte dei langsiktige utfordringane i kommunen, og gje mål og strategiar for framtidig utvikling.

Kommuneplanens arealdel er kommunens styringsreiskap for arealforvaltning og arealutviklinga i kommunen. Gjennom kommuneplanen fastset kommunen arealbruk, omsynssoner og føresegner for arealbruken i kommunen.

Den gjeldande samfunnsdelen til Kvinnherad kommune vart vedteke i år 2000. Kommunen har sett i gong arbeid med rullering av samfunnsdelen. Dette arbeidet pågår. Kvinnherad kommune har sendt forslag til kommuneplanens arealdel på høyring med frist 8. desember 2016. Hordaland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Utval for kultur, idrett og regional utvikling kan gje fråsegn til planen og fremje motsegn dersom viktige regionale og nasjonale interesser står på spel. Hordaland fylkeskommune har bedt om utsett frist for fråsegn av omsyn til politisk handsaming.

Fylkeskommunen må ta atterhald om alle byggeområde i planen til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova er oppfylt. Dette gjeld både på land og i sjøområde.

Dersom motsegn vert fremja må kommunen endre planen, som regel etter å ha drøfta problemstillingar og løysingar i møte med fylkeskommunen. Dei fleste motsegnene vert avklart i møte med kommunen, men dersom det ikkje blir semje vil planen gå til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland.

Dersom faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av nasjonale kulturminneinteresser ikkje vert fylgt opp av politiske organ i fylkeskommunen, skal fylkeskommunen gje melding om dette til Riksantikvaren som kan fremje motsegn i saka (jf. forskrift til Kulturminnelova kap.1, §3).

### 1.1 Planprosess og medverknad

Hordaland fylkeskommune har gjeve innspel til oppstart og planprogram for arealdelen i brev av 06.05.2014. Planprogrammet vart og drøfta i Regional planforum den 06.05.2014. Planutkastet har ikkje vore drøfta i Regionalt planforum før høyring.

Både Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland har informert kommunen om at fleire element i forslag til arealdel til kommuneplanen ikkje er i samsvar med regionale og nasjonale interesser, og vil vere grunnlag for motsegn. Fylkeskommunen gav førebels fråsegn til planen i brev datert 6. desember, der det vart peika på at tema som var vurdert å ikkje vera i samsvar med nasjonale og regional interesser. Dette var: senterutvikling, bruken av LNF-spreidd, strandsoner, kulturminne og kulturmiljø og mangelfull planomtale. Fylkeskommunen inviterte til dialog om desse tema og ba samstundes om utsett frist for å koma med fråsegn.

På denne bakgrunn vart det halde eit avklaringsmøte hos fylkesmannen 14.12.2016. Her deltok Kvinnherad kommune v/planavdelinga, fylkesmannen og fylkeskommunen v/planseksjonen. Kommunen møtte utan mandat til å gjera avklaringar. I møtet gjekk ein gjennom dei tema og løysingar der motsegn kunne vera aktuelt.



Kommunen har etter dette møtet skissert konstruktive forslag til løysingar for å imøtekoma innspel frå fylkesmannen og fylkeskommunen som kan forhindra motsegn. Men kommunen har ikkje gjort endringar i høyringsforslaget. Hordaland fylkeskommune må difor gje si fråsegn basert på det forslaget til arealdel av kommuneplanen som er sendt på høyring. Dette er avklart med Kvinnherad kommune.

## 2. Innhald i planen

I dette avsnittet vert planforslaget kort referert, utan vurdering av konsekvensane for regionale interesser.

Etter plan og bygningslova skal kommunen ha ein overordna arealplan som gjev retning for den overordna samfunns- og arealutviklinga i kommunen. Kvinnherad kommune har tidlegare hatt seks kommunedelplanar som har styrt den overordna utviklinga i kommunen. Dei ulike kommunedelplanane har vorte vedtatt i ein periode frå 2003 til 2014 og hatt ulike føresegner og retningslinjer. Hovudføremålet med kommuneplanen som no ligg føre er å utvikle ein samla plan og overordna styringsdokument for arealbruken i kommunen som er i samsvar med gjeldande plan- og bygningslov.

Gjennom arbeidet med kommuneplanens arealdel har det og vore ein målsetjing å innarbeide mål og retningslinjer frå arbeidet med den interkommunale strandsonen for Sunnhordaland og Fusa. Den interkommunale planen er under arbeid.

Arealdelen av kommuneplanen består av følgjande dokument:

- Plankart ( juridisk bindande )
- Føresegner ( juridisk bindande )
- Planomtale
- Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse ( ROS)

Alle plandokumenta er tilgjengeleg på Kvinnherad kommune si heimeside til høyringsperioden er over: <http://www.kvinnherad.kommune.no/arealdel-til-kommuneplan-for-kvinnherad-2016-2026.5908360-146541.html>

### Plankartet

Plankartet er utforma som eit digitalt kart. Dette kan ein finne på nettsidene [www.fonnakart.no](http://www.fonnakart.no) og [www.kommunekart.com](http://www.kommunekart.com).

### Føresegnene

Føresegnene er heimla i plan- og bygningslova. Dei generelle føresegnene drøfter mellom anna forholdet til andre planar, plankrav, krav til reguleringsplanar, krav om rekkjefølgje, utbyggingsavtalar, krav til risiko og sårbarheitsanalyser, universell utforming, støy, stormflo, byggjegrensar, leike- og uteopphaldsareal, parkering m.m.

### Planomtale

I planomtalen skildrar kommunen grunnlaget for planarbeidet, dei grepa som er gjennomført i kommuneplanen og hovudstrategiane og målsetjingane i planarbeidet.

### Konsekvensutgreiing og risiko og sårbarheitsanalyse

I Konsekvensutgreiinga, og risiko- og sårbarheitsanalysen har kommunen vurdert området etter:

- Gjeldande planstatus i kommedelplan og endring i ny kommuneplan.
- Konsekvensutgreiing med desse utgreiingstema: naturverdiar og biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, landskap, ureining og støy, klima og energi, fiskeressursar, strandsoner, dyrka mark, innmarksbeite, skog, friluftsliv og rekreasjon, helse, universell utforming, born og unge sine

interesser, samfunnstryggleik, tettstadsutvikling, transportbehov/kollektivstrategi, trafikktryggleik, næringsliv og sysselsetting, infrastruktur og kommunale tenestetilbod.

- Risiko og sårbarheitsanalyse som set fokus på kva risiko og sårbarheit arealføremåla får for mellom anna flom, stormflo, ekstremvær, trafikkulykker og innsatstid og kapasitet for naudetatane.
- Samla vurdering: På bakgrunn av omtale av arealet, verdivurderinga og konsekvensutgreiinga er det gjort ei samla vurdering med samfunnsnytte og konklusjon.

Kommunen fokuserer på at kommuneplanarbeidet er ein teknisk revisjon, og at det difor er lagt opp til avgrensa moglegheit for innspel til nye arealføremål i planarbeidet. Det har likevel vore opna opp for innspel som kommunen meiner kan ha stor interesse for kommunesamfunnet.

### 3. Vurdering av regionale interesser

I dette avsnittet vurderer Fylkesrådmannen dei grepa som kommunen gjennomfører i planen, og i kva grad regionale interesser er ivaretatt. Det er lagt mest vekt på tema som planen ikkje har teke tilstrekkeleg omsyn til, og som har vore sentrale i tidlegare innspel. Grunna planen sitt store omfang vurderer Fylkesrådmannen berre i eit visst omfang dei einskilde arealelementa. Det vert dermed gjeve ein overordna uttale for planen.

Fylkeskommunen har eit ansvar for å sjå til at kommuneplanen for Kvinnherad har mål, strategiar og arealbruk som er i tråd med regionale planar, og som er i samsvar med regionale og statlege interesser der fylkeskommunen har eit forvaltingsansvar.

#### 3.1 Arealdelens koplingar til samfunnsdelen og kommunal planstrategi

Kommunen har starta arbeidet med rulleringa av samfunnsdelen til kommuneplanen som er frå år 2000. Intensjonen har vore å arbeida parallelt med dei to delane av kommuneplanen. Samfunnsdelen skal leggja føringar for utviklinga, og arealbruken skal tilpassast dette i arealdelen.

Kommunen sine eigne dokument: planstrategi og planprogram legg stor vekt på at samfunnsdelen skal fastsetja grunnlaget for samfunnsutviklinga, og at utarbeiding av samfunnsdelen vil vera den viktigaste arenaen for å drøfta og avklara samfunnsutviklinga i kommunen.

Kvinnherad kommune har utarbeidd kommunal planstrategi etter valet i 2015. Ny planstrategi vart vedteken av kommunestyret i mai 2016. Planstrategien identifiserer utfordringar i og for kommunen, og fastset strategiar for arbeidet for å møte og handtera desse utfordringane. Hordaland fylkeskommune har gjeve felles innspel til kommunane i Hordaland om regionale interesser som vil vera viktige ved utarbeiding av kommunale planstrategiar.

Planstrategien for Kvinnherad synleggjer på ein oversiktleg måte viktige samfunnsoppgåver og -utfordringar for kommunen og definerer tematisk strategiar som skal leggjast til grunn for arbeidet. Planstrategien viser i stor grad til at samfunnsdelen av kommuneplanen skal vera eit viktig grunnlag for samfunnsutviklinga, og at denne igjen skal vera grunnlag for arealbruk i arealdelen til kommuneplanen. Viktige tema som; langsiktig arealbruk, berekraftig areal- og samfunnsutvikling, attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde, lokalsamfunn og region – med busetjingsmønster og senterstruktur er tema som skal handterast i samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen.

*Vurdering:*

Kommunen har prioritert å raskt få på plass ny planstrategi etter valet som grunnlag for det vidare arbeidet med samfunnsutvikling. Dette er positivt. Planstrategien legg til grunn at utarbeiding av samfunnsdelen og arealdelen skal vera viktige plangrep for å få til ønska og styrt utvikling. At arealdelen vert rullert før samfunnsdelen er uheldig, og oppfyller ikkje intensjonen i planstrategien.

## 3.2 Vurdering av dokumenta i kommuneplanens arealdel

Kvinnherad kommune har ei utfordring med å ha 6 ulike kommunedelplanar, utarbeidd til ulik tid, og etter to plan- og bygningslover, i staden for ein arealplan for heile kommunen. Kommunen har difor hatt stort fokus på å få på plass ein oppdatert arealplan, mellom anna for å få ei meir føreseieleg og effektiv sakshandsaming, og redusera talet på dispensasjonssaker.

Kvinnherad kommune har utarbeidd planprogram for planarbeidet. Hordaland fylkeskommune gav innspel til planprogrammet og oppsummerte innspela slik:

*«Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på å innarbeida mål og retningslinjer m.m. frå regionale planar i kommuneplanen, og at dette vert synleggjort i planprogrammet. Vi peikar på ønskje om ei heilheitleg planlegging av området Husnes, Sunde, Valen med Husnes som regionsenter. Kommunen må sikra viktige landskaps- og kulturverdiar og vi tilrår bruk av omsynssoner. Klimaverknader må tilleggjast vekt. Vi ønskjer lukke til med arbeidet og deltek gjerne i vidare samarbeid.»*

Planprogrammet vart vedteke av kommunestyret 19.06.2014.

Kommunen har gode og tydelege målsetjingar for rulleringa av arealdelen av kommuneplanen. Viktige moment er:

- Rulleringa skal samordna 6 ulike kommunedelplanar til ein oppdatert plan.
- Planprogrammet tydeleggjer at det i hovudsak skal gjerast ein teknisk revisjon med oppdatering av kartgrunnlag og føresegner m.m. til ny plan- og bygningslov.
- Det skal ikkje leggjast til rette for private innspel om ny arealbruk, men endra arealbruk grunngjeve med store samfunnsmessige interesser kan takast med.

Planprogrammet konkretiserer korleis kommunen vil handtera dette. Det beskriv ein tydeleg prosess for planarbeidet, har tydelege målsetjingar, og synleggjer sentrale og viktige tema og utfordringar som skal adresserast. Planprogrammet viser på ein god måte til grunnlagsdokument og andre planprosessar som arealdelen av kommuneplanen skal bygga på. Viktige tema fylkeskommunen har gitt innspel om er tatt med i planprogrammet.

Vurdering:

Det er eit konkret og tydeleg planprogram for planarbeidet. Når kommuneplanens arealdel vert vurdert opp mot planprogrammet, er det avvik på ein del punkt. Arealdelen er vesentleg meir enn den tekniske rullering som det vert lagt opp til i planprogrammet. Både endringane som vert ein konsekvens av å slå saman og oppdaterer tidlegare kommunedelplanar til ny lov, og at det er lagt inn ei rekkje nye element medverkar til dette.

I planprogrammet vert nye innspel om arealbruk omtala slik: *«I dette planarbeidet vil det ikkje verta høve til innspel om private utbyggingsområde, men innspel om arealbruk som har samfunnsmessig stor interesse kan verta vurdert.»* Det er likevel tatt med og konsekvensutgreidd om lag 130 nye arealinnspel. Planen må difor vurderast som ei ordinær rullering.

### Planskildring

Plan og bygningslova definerer *planbeskrivelse* (kommunen bruker planforklaring) som ein del av den juridiske planen, og denne skal gjera greie for korleis nasjonale mål og retningslinjer, og overordna planar for arealbruk, er ivaretatt.

Vurdering:

Planskildringa er knapp og gjev lite grunngeving for dei val som er gjort, og lite kopling til nasjonale og regionale føringar. Utan ein oppdatert samfunnsdel til kommuneplanen oppfyller ikkje planforklaringa slik den ligg føre krava i lova. Den oppfyller heller ikkje målsetjingane i den kommunale planstrategien.

Dersom kommunen vil vedta arealdelen før samfunnsdelen bør planskildringa/planforklaringa tydelegare omtala samfunnsutfordringane. Omsynet til statlege føringar og interesser, vurdering av ulike alternativ og grunngeving for arealbruken m.m. bør og koma tydeleg fram.

Bruken av omsynssoner bør omtalast meir, slik at det vert tydelegare kva som er føremålet med bruk av omsynssoner og kvar dei vert brukt. Det bør dessutan presenterast eit oversyn over omsynssoner i arealdelen, anten i planskildringa eller knytt til føresegnene.

Plankart

Kommunen har utvikla ei særskild god og informativ kartløyning som gjev det offentlege og publikum relevant arealinformasjon, både oversiktsinformasjon og detaljinformasjon om aktuelle plantema.

Vurdering:

Kartløyninga er framtidsretta og eit verdifult arbeid både for kommunen, for regionale og statlege etatar, for næringsliv og andre. Det er positivt at alt sjøareal inngår i arealplanen.

Føresegner og retningslinjer

Rullering av kommuneplanen skal samordna føresegner og retningslinjer frå 6 kommunedelplanar. Dette er positivt for å sikra god og likeverdig sakshandsaming. Føresegnene er juridisk bindande og har ei viktig rolle for å sikra ei kontrollert og planlagt utvikling. Det er omfattande føresegner til planen, dessutan ein del retningslinjer.

Vurdering:

Koplinga mellom føresegner, planskildring og arealkart må vera tydeleg, veldefinert og forståeleg for å sikra rett bruk og tilsikta resultat. Det er mangel på plankrav for utbygging, og generelt vurderer vi føresegnene som for «opne».

Føresegnene er felles for heile kommunen. Dette er i utgangspunktet eit godt prinsipp, men det kan og vera gode grunnar for at føresegnene må tilpassast lokale forhold, tidlegare plansituasjonar m.m.

Konsekvensutgreiing og Risikoanalyse (ROS)

Konsekvensutgreiing og ROS-analysen er omfattande og tek føre seg endringane i arealføremål områdevis. Tilrådingane frå konsekvensutgreiinga er i stor grad følgt i planforslaget. Berre eit område som er rådd frå i KU er tatt inn i planen.

Vurdering:

Tema som vert vurdert i konsekvensutgreiingane er relevante og gjev oversikt over problemstillingane.

### 3.3 Areal og transport, Samferdsel

Kvinnherad kommune er ein kommune som er stor i utstrekning og areal. Kommunen er fleire tettstader, men og mykje spreidd busetnad og jordbruksareal. Slike tilhøve kan gjere det utfordrande å arbeide i tråd med nasjonale retningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

For å lukkast med å oppnå desse måla er det viktig å planleggje eit utbyggingsmønster som gjer det mogleg å nytte andre transportmoglegheiter enn privatbil. I *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* er det eit overordna mål at regionsentera skal vere tilrettelagt for effektiv og miljøvennleg transport i, til og frå sentrum. Vidare er det i *Regional transportplan* eit mål å endre transportmiddelfordelinga og redusere bilbruk. Den Regionale planen for Klima og energi har retningslinjer som gjer at fortetting skal vektleggast framfor nye spreidde bustadareal. Skal ein lukkast med dei nasjonale og regionale målsetjingane er det viktig at kommunane følgjer opp i sin arealpolitikk og unngår spreiring av bustadområder.

Grunnlaget for kollektivtransport er at bustader og arbeidsplassar er lagt langs eksisterande kollektivaksar og kring kollektivknutepunkt. Utbyggingsområde som vert lagt 1 km unna næraste haldeplass vil ikkje gi god kollektivdekning, då det er lite aktuelt for Fylkeskommunen/Skyss å ta avstikkarar frå hovudtraséen. Vi viser her til «Kollektivstrategi for Hordaland» og dei retningslinjene som her er skissert opp. Trafikksikker og effektiv tilkomst til haldeplassen for dei som går eller sykklar er og viktige tiltak for byggje opp om dei miljøvenlege transportalternativa. Fylkesrådmannen vil difor tilrå at Kvinnherad kommune utarbeider ein arealplan der nye bustadområder, industri- og næringsareal vert konsentrert til område som allereie er under utvikling, og har nærleik til kollektivtilbod, samt trygge ferdselsårer til viktige målpunkt.

### 3.3.1 Utbyggingsmønster og bruk av landbruk-, natur- og friluftsområde der spreidd utbygging er tillate (LNF-S)

Eit sentralt tema i kommuneplanen til Kvinnherad er bruken av føremålet LNF-S. Kvinnherad kommune er ein stor landbrukskommune med fleire små bygdesamfunn. I gjeldande kommunedelplanar har mindre bustadområde, fritidsbustader, naust og næringsområde vore vist som små areal på kartet. Plangrepet som kommunen gjennomfører i kommuneplanen er å samle desse areala i større område for LNF-S. I kommuneplanarbeidet har det og vore fokus på at det skal leggjast til rette for småskala næringsverksemd, med etablering av tilleggsnæringer for landbruket.

Den løysinga kommunen har vald legg til rette for eit stort tal tiltak: 110 næringsareal, 84 bustader med høve til utleigeining, 34 fritidsbustader og 35 naust på nye og ikkje frådelt areal, og i tillegg 1 næringsområde, 189 bustader med høve til utleigeining, 49 fritidsbustader og 11 naust på allereie frådelt tomter.

#### Generell vurdering av LNF-Spreidd

Kommunen har som målsetjing om å leggja til rette for å oppretthalda levande distrikt med nye aktivitetar, verksemdar, bustader og arbeidsplassar. Målsetjinga er positiv og etterspurnaden etter å byggja i desse områda er generelt liten. Likevel er fylkesrådmannen kritisk til denne bruken av LNF-S.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar for kommuneplanens arealdel gjev utgreiing om at i område for LNF-S må lokaliseringa «*være så presis at både kommunestyret, fylkeskommunen og statlige myndigheter kan ta stilling til om den foreslåtte arealbruk er i samsvar med kommunale og viktig nasjonale og regionale hensyn.*»

Fylkesrådmannen er kritisk til om bruken av LNF-S i planen, med føresegner og retningslinjer som gjeld for desse områda, gjev ønska samfunnsutvikling og styring av arealbruken i kommunen. Kommuneplanens arealdel skal sikre god arealbruk, og det er viktig at det ligg ei målretta styring til grunn, sjølv om kommunen ikkje opplever stort press eller etterspørsel etter utbygging i desse områda i dag.

Meir detaljert om LNF- Spreidd:

#### Særskild om LNF-S Bustad

Kvinnherad kommune legg opp til avgrensa vekst for busetnaden i kommunen. Gjennom planskildringa vert det og slått fast at det er god kapasitet i ubygd bustadområde. Det er difor ikkje lagt til rette for større

bustadområde. Kommunen har gjeve kvoter for utbygging av bustader i LNF-S områda. Det vert opna opp for 64 nye bustadeiningar. I tillegg vert det opna opp for 189 bustader på allereie frådelt tomter. Det er ikkje sett krav i føresegnene om kor mange bustader som kan byggast innafor LNF-Spreidd før det vert utløyst krav om reguleringsplan.

Ved å opne opp for så mykje bustader i LNF spreidd vil mange stader i kommunen etterkvart få ei utbygging som i liten grad er i samsvar med intensjonen med LNF- spreidd, og som samstundes ikkje er heilskapleg planlagt slik som bustadområde er. Etter nasjonal rettleiar for kommuneplanens arealdel vert det tydeleggjort at tidlegare frådelt tomter ikkje automatisk gjev rett til byggje på tomta. Samtidig er eit for stort omfang for spreidd utbyggingsmønster i strid med arealpolitiske retningslinje for areal og transport. Etter retningslinje i regional klimaplan skal ein vekteggje fortetting framfor nye areal for LNF- spreidd og vurdere den ledige kapasiteten i eksisterande byggjeområde opp mot det behovet kommunen har for nye bustader. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dette er gjort i planen.

#### Særskild om LNF-S Næring ( landbruk pluss )

Kommunen legg opp til at det innafor LNF-S område kan leggast til rette for tilleggsnæring til landbruket. Det er gjeve krav om lokalisering og knytt særskilde omsyn som må ivaretakast ved utbygging av næringsføremål i LNF-S områda.

Tabell i føresegnene syner at det vert lagt opp til 110 nye einingar for næringsverksemd. Det er ikkje sett krav om reguleringsplan for utbygging av næringsføremåla, og heller ikkje gitt nærare avgrensing for lokalisering, eller definert kor store næringsføremåla kan være. Fylkesrådmannen er kritisk til det store omfanget av nye næringsføremål, og kan ikkje sjå at føresegnene sikrar at nye næringsareal i LNF-Spreidd områda ikkje er i strid med dei regionale interessene.

#### Særskild om LNF-S Fritidsbustader og naust

I planen vert det skildra at det er stor etterspørsel etter fritidsbustader og naust i kommunen. I kommuneplanen er plangrepet for dei enkeltstående tomtene for fritidsbustad og spreidd naustareal å leggje desse under større areal for LNF-spreidd. Tabellen i føresegnene opnar opp for totalt 34 nye fritidseiningar innafor LNF-S, i tillegg vert det opna opp for 48 fritidsbustader på allereie frådelt tomter. Det vert og lagt opp til 35 nye nausteiningar og 11 naust på allereie frådelt tomter. Fritidsbustadene og nausta i LNF-S områda kjem i tillegg til dei nye areala for fritidsbustader og naust som kommunen legg til rette for i byggjeområda.

Slik planen ligg føre kunne det vore ein tydelegare drøfting av behovet for nye område for fritidsbustad og naustområde, og synt kva mål kommune har for utviklinga av desse. Det er ikkje sett krav i føresegnene om kor mange hytter eller naust som kan byggast innafor LNF-spreidd før det vert utløyst krav om reguleringsplan.

### 3.3.2 Bustader

I kommuneplanen er det teke med innspel til nye bustadområde. Desse er i hovudsak lokalisert i tilknytning til eksisterande bustadområde, eller i tilknytning til senterområde. Fylkesrådmannen saknar ei overordna vurdering av bustadbehovet i kommunen. Konsekvensutgreiinga kunne med fordel tydelegare skildra korleis dei nye bustadområda er knytt til senterområde, skule, arbeidsplassar og handel. Kommunen bør prioritere satsing på bustader i tilknytning til senterområda på Husnes og Rosendal.

### 3.4 Samferdsel

Det er positivt at «Rammeplan for avkjørslar og byggegrensar på riks- og fylkesveggar i Region vest» er teke med i føresegna og skal leggast til grunn ved handsaming av søknader om avkjørslar og byggegrensar. Risikoen for trafikkulykker aukar sterkt med aukande tal på avkjørslar. Med omsyn til trafikktryggleik er det difor eit mål å kunne avgrense og om mogeleg redusere talet på avkjørslar frå hovudvegnettet.

## 3.5 Senterutvikling

### 3.5.1 Senterstruktur

Den kommunale planstrategien peika på utfordringane kommunen har når det gjeld busetjingsmønster og senterstruktur. Dette tema skal følgjast opp gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.

I kommuneplanens arealdel vert Husnes og Rosendal definert som hovudsentra i kommunen. Husnes er den største tettstaden, medan Rosendal er kommunesenter. I plankartet er desse regulert til sentrumsføremål. Det er og regulert sentrumsføremål på to mindre areal i Gjermundshamn og Åkra. Kommuneplanen legg opp til at det i områda regulert til sentrumsføremål skal være fokus på fortetting og vidareføring og oppdatering av eksisterande infrastruktur og tenestetilbod. I dei mindre og mellomstore tettstadane legg kommunen opp til at bustadbygginga skal komme i areal for LNF-spreidd.

Vurdering:

Regional plan for attraktive senter i Hordaland (Senterplanen) definerer ein hierarkisk senterstruktur med fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, lokalsenter og nærsenter. Retningslinje 1.1 i Senterplanen seier at desse skal innarbeidast i kommuneplanarbeidet. Senterplanen legg vidare føringar for innhald i dei ulike senternivå. Fylkesrådmannen er kritisk til at kommuneplanen til Kvinnherad ikkje drøftar og definerer ein senterstruktur for kommunen. Kommunen bør definera sine senter inn i den strukturen som er fastsett i den regionale planen og bruka dei same omgrepa. Det bør og setjast plankrav for sentrumsområda.

Den regionale planen for attraktive senter gjev og gjennom retningslinje 2.3 føringar for at sentrumsutstrekning skal fastsettest i kommune(del) plan eller reguleringsplan for sentrum. Kommunen bør leggja desse til grunn og fastsetja ei sentrumsutstrekning, og leggja føringar for innhald i senter. Kommunen har brukt sentrumsføremålet for å avgrensa sentrum. Det er ønskjeleg med ei tydelegare grunngeving for aktuell sentrumsavgrensing i alle definerte senter.

### 3.5.2. Handel

Senterplanens retningsline 4.3 set slikt krav til kommuneplanar: «Behov for handel skal vera tema i kommuneplanens arealdel.» Dette tema inngår ikkje i framlegget til arealdel og må innarbeidast.

Vurdering

Det bør i føresegnene til planen takast med at detaljhandel skal lokalisrast i senter eller bustadkonsentrasjonar, og at det er krav om samtykkehandsaming når etableringar gjer at handelsarealet i plan eller ved tiltak overstig 3000m<sup>2</sup>. Det er krav om handelsanalyse som grunnlag for samtykkehandsaming. Det vert vist til senterplanen 4.3 Føresegner og retningsliner.

## 3.6 Strandsone

Kvinnherad kommune har ei verdifull strandsone som må forvaltast med omsyn til bruk og vern. Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger var på høyring hausten 2015. I planen er det mål om å sikre god sameksistens i kystsona med berekraftig bruk og vern av areala. Planen omfattar sjøareal og strandsone i Kvinnherad kommune. Samstundes har Kvinnherad kommune, saman med kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Stord, Sveio, Tysnes og Fusa utarbeidd ein felles interkommunal plan for strandsona. Den interkommunale planen har vore på høyring, men er ikkje vedtatt.

Kvinnherad kommune har hatt merksemd på strandsona i arbeidet med arealdelen, og har hatt mål om at kommuneplanen skal innlemme element frå den interkommunale strandsonerplanen. Kommunen sine plangrep i strandsona er:

- Eksisterande naustområde er lagt inn i plankartet
- 31 nye areal for naust er lagt inn i planen. Nokre av desse er lagt inn der det allereie er godkjente reguleringsplaner for utbygging av naust.
- Planen opnar for naustbygging innafor LNF-S områda. Talet nye naust er avgrensa i tabell for dei enkelte områda.
- Det er regulert til småbåthamn framføre alle naustareal der dette ikkje kjem i konflikt med andre interesser.
- Det er lagt inn byggjegrænse i strandsona

### 3.6.1 Kartlegging av den funksjonelle strandsona

Kartlegging av den funksjonelle strandsona er ein viktig strategi i strandsonerpolitikken i Hordaland. Statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona gjev føringar for at kommunane, gjennom kommuneplanen skal vurdere eksisterande arealbruk og ny utbygging i strandsona. Gjennom kommuneplanen skal gamle byggjegrænser mot sjø vurderast og om ikkje-utbygde område i strandsona skal bli værande, eller takast ut av planen. Grunnlaget for byggjegrænse må byggje på lokal kartlegging av økologiske, topografiske og bruksmessige tilhøve.

Gjennom differensiert forvaltning av strandsona kan kommunen tilpasse byggjeforbodet i strandsona til dei lokale tilhøva på staden. Kvinnherad kommune har definert ei byggjegrænse langs sjø i heile kommunen, både i byggjeområde og i LNF-område. Dette er ei uvanleg løysing, og fylkesrådmannen finn det utfordrande å vurdere denne grensa i heile kommunen. Det kjem ikkje tydeleg fram i planen på kva slags grunnlag byggjegrænse er sett. Det er og ei utfordring å lesa denne byggjegrænse i kartet, noko som kan føra til feiltolkning og feil i vurdering og sakshandsaming. Fylkesrådmannen tilrår at byggjegrænse vert definert berre i byggjeområde, og i avgrensa og bebygde delar av LNF-område. Elles bør 100m-beltet gjelda (pbl § 1-8).

### 3.6.2 Naust

Kommunen skildrar at det er stor etterspurnad etter naust i kommunen, men det kjem ikkje tydeleg fram gjennom skildringa kva slags vurderingar dette byggjer på. Gjennom kommuneplanen legg Kvinnherad kommune opp til nye naustføremål som ikkje ligg i tilknytning til eksisterande naustmiljø. Ei tilrettelegging for nye naustområde utan vidare heilskapleg vurdering av gjeldande situasjon og framtidig behov for naust i kommunen, er ikkje ei berekraftig forvaltning av strandsona.

Etter den regionale kystsonerplanen for Sunnhordaland og Ytre Hardanger som er under arbeid, skal ein leggje til rette for fellesanlegg for båtplassar før ein legg til rette for nye naustområde i strandsona. Småbåthamner og småbåtanlegg er mindre arealkrevjande og betre alternativ enn at alle båteigarar skal ha eige naust. Ved planlegging for naust må ein leggje til grunn at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dette er gjort i planarbeidet.

Enkelte stader i kommunen vert det lagt opp til fortetting av eksisterande naustmiljø. Det vert også opna opp for etablering av nye naust i LNF-S. Ved fortetting av eksisterande område for naust, og etablering av nye naust bør ein fastsetje og sikre kor mange naust som kan byggast før det vert utløyst krav om reguleringsplan.

Om føresegnene for naust:

Føresegn 3.9.1 Andre typar bygninga – naust.



Kommunen utvidar definisjonen av naust med formuleringa: «som også kan brukast til bading, grilling soling og sosiale aktivitetar». Dette er ein for open definisjon av omgrepet naust.

Føresegn 3.9.6: Føresegna signaliserer bruk av naust som er nært opp til fritidshus. Dette harmonerer ikkje med føremålet for naust.

Føresegn 3.9.11: Føresegna gjev ikkje klare avgrensingar på utforming og storleik på kaiar/bryggar, med unnatak av breidde. Dette bør endrast.

### 3.6.3 Småbåthamn

Kommunen har ein omfattande bruk av arealføremålet småbåthamn i planen. Føremålet vert i stor grad nytta framføre naustområde for å opne opp for mindre anlegg til mindre flytebryggar m.m. Fylkesrådmannen meiner den omfattande bruken av føremål for småbåthamn slik det er gjort i kommuneplanen ikkje er rett bruk av føremålet. Føremålet for småbåthamn er hovudsakleg knytt til større anlegg der det er tilknytt driftselskap, og der det er naudsynt med tilrettelegging av infrastruktur på land.

Kommuneplanen opnar opp for utbygging av småbåthamn med opp til 16 båt plassar før det vert utløyst krav om reguleringsplan. Fylkesrådmannen ber om ein reduserer talet på båt plassar som kan etablerast før det utløysast krav om reguleringsplan.

Oppsummering naust og småbåthamn:

Det er uklart kva slags behov kommunen har for nye naust og nye område for småbåthamn. Som ein del av den interkommunale strandsoneplanen for Sunnhordaland vart det gjennomført ei kartlegging av eksisterande småbåtområde. Vi set spørsmål til korleis det er jobba vidare med dette grunnlaget. Statlege planretningsline seier at strandsona skal vurderast heilskapleg og langsiktig. Gjennom kommuneplanen må det leggjast til rette for planlegging der ein legg vekt på å knytte saman sjø og land, og unngår at det vert mange småområde som vert lokalisert kvar for seg. Slik planen ligg føre, med nye område for naust og omfattande bruk av føremål for småbåthamn utanfor naustområde kan vi ikkje sjå at planen gjev grunnlag for ei god styring av sjø og strandsoneområda i kommunen. Fylkesrådmannen ber kommunen leggje til rette for større anlegg med småbåthamn, før det vert lagt opp til nye areal for naust.

### 3.7 Akvakultur

I kommuneplanen til Kvinnherad kommune er dei fleste akvakulturlokalitetar vidareført, og dei fleste akvakulturområda er justert i samsvar med kart og anleggsskisser i lokalitetsklareringa etter Akvakulturlova. Lokalitetar som er i bruk er utvida utover i fjorden for å gje høve til tilpassingar til nyare teknologi, og ynskje om å liggje lenger borte frå land. I tilknytning til akvakulturområda er det og lagt inn større kombinerte formål for friluftsliv, ferdsel og akvakultur som eit fleirbruksformål. Desse kan gje akvakulturanlegga moglegheiter til å gjere mindre justeringar og er i utgangspunktet lagt som ein 300-meters buffer utanfor akvakulturformåla, og gjeld ikkje innover mot land. Områda er avgrensa med omsyn på andre interesser som til dømes friluftsliv, sjøtrafikk, fiske og kulturminne. Nokre akvakulturformål er tekne ut grunna manglande akvakulturløve.

#### *Generelle kommentarar*

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging av 12.06.2015 heiter det mellom anna at «Fylkeskommunene og kommunene sikrer tilstrekkelig areal til fiskeri- og havbruksnæringen i kystsoneplanleggingen, og avveier dette mot miljøhensyn og andre samfunnsinteresser. Arealbehovet ses i et regionalt perspektiv».

I Stortingsmelding 16 (2014-2015) om Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og

ørretoppdrett, står det mellom anna at «den regionale og kommunale arealplanlegginga er viktig for å sikre dei langsiktige arealbehova i fiskeri- og havbruksnæringane», og at «samtidig som ein set av nok areal til framtidig havbruk, må ein optimalisere bruken av allereie tildelt areal, og ein må leggje vekt på miljøomsyn». I Regional næringsplan for Hordaland 2013 -2017 er havbruksnæringa trekt fram som ei av dei viktigaste næringane i fylket. Havbruksnæringa er viktig for verdiskaping og for sysselsetting i distrikta. Næringa har potensiale for vekst og utvikling og det er heilt avgjerande at fylkeskommunen er med på å leggje gode rammevilkår. Areal til produksjon av sjømat er ein viktig faktor. I Handlingprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016 er eit av innsatsområda innan marin sektor å «sikre næringa areal for berekraftig vekst og utvikling».

Regional kystzoneplan for Hordaland og ytre Hardanger var på høyring i 2015, men er ikkje vedtatt. Akvakultur er eitt av fire plantema og planen inneheld mål, retningslinjer og rettleiande plankart. I forslag til retningslinjer for akvakultur går det fram at:

- Kommunane må gjere ei heilskapleg vurdering av behovet for akvakulturområde i lag med næringa og sektormyndene. Eksisterande område skal vurderast i høve til aktivitet og trong for endring. Akvakultur bør prioriterast dersom området er godt eigna og næringa ser potensial for framtidig bruk.
- Ved tilbaketrekking av løyve etter akvakulturlova, skal arealbruk i sjøområde vurderast på nytt.
- Område avsett til akvakultur i regional plan skal vurderast og detaljerast vidare i samband med kommunal arealplanlegging. Kommunen kan avsette meir sjøareal til akvakultur for større teknologiske nyvinningar eller område for nye artar.
- Førre-var prinsippet skal leggjast til grunn for eksisterande akvakulturlokalitetar innanfor område som er føreslege som marint verneområde. Ved vidare utvikling av eksisterande anlegg skal det visast varsemd i høve til verdiane i området.

Akvakultur er ei stor næring i kommunen, og p.t. er det gjeve løyve til matfiskproduksjon ved i alt 21 sjølokalitetar. I tillegg er det etablert fleire landbaserte anlegg for produksjon av yngel og settefisk, og på Sunde ligg lakseslakteri og fiskeforedling. Mange personar er tilsett i desse verksemdene. I lys av storleiken havbruksnæringa har i Kvinnherad og kva betydning den har for kommunen, meiner Fylkesrådmannen at det er viktig å leggje til rette for næringa. Ein avgjerande faktor for å kunne utnytte havbruksnæringa sitt produksjonspotensial er tilgang på eigna areal til sjømatproduksjon, og at areala som vert sett av til dette formålet, vert utnytta på ein best mogleg måte.

Etter akvakulturlova sine §§ 6 og 15 fyrste ledd kan det ikkje gjevast løyve i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Dette er vidareført i laksetildelingsforskrifta § 30 bokstav d og marinfiskforskrifta § 7 bokstav d, der det går fram at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom det ikkje er i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. Det same vil gjelde for endringar på allereie tildelte lokalitetar. Heile oppdrettsanlegget i overflata inklusiv fôrflåte, fortøyningar og ankerfeste må i planen liggje i areal som er planlagt for dette føremålet.

#### *Areal kring eksisterande oppdrettsanlegg*

Sjøområda som vert sett av til AK-område eller fleirbruksområde med akvakultur kring eksisterande anlegg bør vera store nok til å dekke behovet for å skifte ut og justere anleggs plassering. Blir områda små kan dette vanskeleggjere anleggs- og fortøyingsutskifting innanfor arealplanen, og ein vil kunne få søknad om dispensasjon frå planen ved mindre endringar på lokaliteten. Dette vil vera uheldig i tilfelle der verksemdar vil skifta ut eldre anlegg med nyare og til dømes meir rømmingssikre installasjonar. På sikt vil det på grunn av dette bli vanskelegare å drive anlegga på ein miljømessig berekraftig måte.

Akvakulturformål er justerte og utvida i samsvar med lokalitetsklareringa. I tillegg er det lagt ut eit fleirbruksformål (kombinert) utanfor sjølve akvakulturformålet for å opna for mindre justeringar og ankring. Fylkesrådmannen meiner dette kan vere ein god måte å planlegge for akvakultur på. Det vil sikre naudsynt fleksibilitet for eksisterande verksemd, som utviding av anlegg og utskifting av anleggsdelar og endringar til annan type anlegg. Hovuddelen av sakene som har vore handsama som dispensasjon frå arealplanar har nettopp vore på allereie etablerte lokalitetar. Denne måten å planlegge på vil truleg gjere at det ikkje er trong for denne typen dispensasjonssaker i Kvinnherad kommune framover.

### *Fjerning av akvakulturområde utan løyve etter Akvakulturlova*

Det å fjerne akvakulturområde i arealplanen betyr at det i den komande planperioden ikkje er muleg å etablere ny akvakultur på desse areala. Denne næringa er kjent for rask teknologiutvikling. Ny teknologi, andre artar og driftsformer bør og kunne etablerast i Kvinneherad kommune. Kommunen bør gjere ei ny vurdering av dei ledige akvakulturområda for å sjå om ikkje nokon av desse kan vidareførast. Fylkesrådmannen rår til at akvakulturområde som ikkje er egna til laks og aure vert vidareført då desse kan nyttast til andre artar og produksjonsformer.

### 3.8 Folkehelse

Kvinneherad kommune har vedteke ny planstrategi. Særlege utfordringar vert tekt fram her med utgangspunkt i kommunen si folkehelseoversikt frå 2015. Planstrategien inneheld mange innsatsområde som er viktige for folkehelsa. I rulleringa av arealdelen til kommuneplanen er retninga frå planstrategien med konsekvensar for helse vanskeleg å lese. Sidan samfunnsdelen til arealdelen og er til rullering, blir det derfor viktig å vurdere i kva grad strategiane frå planstrategien er operasjonalisert i arealdelen. Konsekvensutgreiingane/Ros-analysen som er utarbeidd vurderer i liten grad omsyn til helse.

Etter planstrategien (pkt 3.2.3) skal ein i den kommunale planlegginga leggje til rette for nok og variert bustadbygging, lokalisert ut frå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, samt sikre trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining.

Viktige helseomsyn som kunne vore vurdert i samband med kommuneplanens arealdel er:

- I kva grad vil planar for bustad/bumiljø verke inn på fysiske og sosiale sider av bustadmiljøet. Moment kan vere støy, luftforureining, tilgang til infrastruktur og rekreasjonsmoglegheiter (nær bustad), samt sosiale kontaktar og nettverk.
- Når det gjeld vurdering av infrastruktur, planlegging og transport er dette delvis vurdert under andre punkt. Tilleggsspørsmål viktig for helse kan vere om planlegginga sikrar gode moglegheiter til auka fysisk aktivitet i nærmiljøet, særleg for dei som ikkje deltek i idrett og annan organisert aktivitet (kvardagsaktivitet). Det kunne og vore vurdert i kva grad sykkel- og gangvegar vert påverka, og om tilgjenge til butikkar og tenester vert påverka.

Etter planstrategien (pkt 3.2.2) skal verdiar av naturmangfald, friluftsliv, kulturminne og barn sine oppvekstmiljø identifiserast og takast omsyn til i kommunale planar, og oppvekstmiljø og oppvekstvilkår skal setjast inn i ein heilskapleg plansamanheng.

Viktige helseomsyn som kunne vore vurdert er:

- I kva grad vert oppvekstvilkåra for barn og unge påverka, utover konsekvensar for leikområde i skog og mark som er vurdert? Andre viktige spørsmål her kan knytast til tilgjenge, eller til kvalitetar på barnehage, skule, aktivitets- og leikeareal og skulevegar. I kva grad vert det psykososiale miljøet for barna påverka?
- Fylkesrådmannen saknar ei vurdering av om arealdelen påverkar faktorar i nærmiljøet som fremjar eller svekker folkehelsa. Eit nærmiljø omfattar både fysiske og sosiale tilhøve, samspelet mellom menneske og dei fysiske omgjevnadane. Nærmiljøkvalitetar kan vere viktige for deltaking, inkludering og trivsel.

### 3.9 Barn og unges interesser

Barn og unge sine interesser er tekne med som punkt i konsekvensutgreiinga. Fylkesrådmannen vil presisere at det er viktig at planlegginga tek omsyn til barn og unge sine interesser. Kommuneplanen har føresegner med krav om uteareal for barn og unge. Det hadde vore positivt om føresegnene sa noko om sikring av erstatningsareal i nærområde, sikring av samanhengande grønne strukturar og sikring av område med særskilte kvalitetar som akebakke og klatretre.

### 3.10 Landskap og friluftsliv

Kvinnherad kommune har eit variert landskap med verdifulle landskapsområde og friluftsområde av regional og nasjonal verdi. Kommuneplanen sin arealdel er eit viktig styringsdokument for å sikre god forvaltning av landskapet. All utbygging påverkar landskapet og forvaltning gjennom kommuneplanen er difor eit område som må prioriterast for å sikre verdifulle landbruksareal, naturlandskap og kulturlandskap. I kommuneplanen til Kvinnherad er det gjeve omsynssoner for natur og friluftsliv, men det kjem ikkje tydeleg fram av planen korleis Kvinnherad kommune har jobba med fastsetjing av omsynssonene. Det store omfanget av LNF-Spreidd i planen er utfordrande for god landskapsforvaltning, og Fylkesrådmannen er kritisk til om bruken av LNF-S tek tilstrekkeleg omsyn til dei regionale interessene for landskap og friluftsliv.

### 3.11 Kulturminne og kulturmiljø

Det er gjort eit grundig og omfattande arbeid med konsekvensutgreiinga (KU) i høve til kulturminne. Nesten samtlege automatisk freda kulturminne og vedtaksfreda kulturminne er vist i kommuneplankartet som omsynsone d) (SOSI-kode H730, jf. pbl § 11-8, d). Sikringsonene til dei fleste freda kulturminna er korrekt inkorporert i omsynsonene. Nokre unntak er det likevel og desse må rettast i kommuneplankartet. Dette gjeld spesielt dei freda kyrkjestadene:

- Ølve kyrkjestad id. 85903
- Varaldsøy gamle kyrkjestad id. 85766
- Kaldestad kyrkjestad id. 84755
- Holmedal kyrkjestad id. 84602
- Åkra kyrkjestad id. 85954
- Eid kyrkjestad id. 84062

I tillegg er det nokre seine innleggingar i Riksantikvaren sin database Askeladden som ikkje fanga opp. Desse må leggest inn på kommuneplankartet som omsynsone d) (SOSI-kode H730), jf. pbl § 11-8, d). Dette gjeld:

- Id. 218891 «Skipahidleren» på Gjermundshamn
- Id. 149147 Øyarhamn er noko redusert i sør
- Id. 6401 i Ferjevågen har fått litt endra geometri
- Id. 216137 kalkomn på Gjuvsland
- Id. 215430 på Flatebø
- Id. 215432 på Flatebø
- Id. 215445 på Øyre
- Id. 215446 på Øyre
- Id. 215447 på Øyre

Dei listeførte kyrkjene må visast i kommuneplankartet som omsynsone c) (SOSI-kode H570 pbl § 11-8, c). Dette gjeld:

- Utåker kyrkje id. 84604
- Uskedalen kyrkje id. 85730
- Eid kyrkje id. 84064

- Varaldsøy kyrkje id. 85767 (den er på kommuneplankartet vist med omsynsone H730).

På Halsnøy kloster id. 64166 er det lagt til ein sirkel heilt sør i omsynsona. Dette er truleg berre ein teknisk glipp som er lett å retta opp i høve til geometrien i Riksantikvaren sin database Askeladden.

Id. 90597, id. 90599 og id. 95910 på Jensajordet i Rosendal er arkeologisk ferdig undersøkt av Universitetsmuseet i Bergen og kan fjernast frå kommuneplankartet.

Grunna dei svært store areala for LNF-spreidd vil Hordaland fylkeskommune ha høve til å vurdere dei ulike tiltaka i desse områda sjølv om felles føresegner for LNF-S viser til at det ikkje skal delast frå eller byggjast nærare automatisk freda kulturminne enn 50 meter. I mange av LNF-S områda ligg det ei rekkje automatisk freda kulturminne, og då er også potensial for funn av hittil ikkje kjende slike kulturminne forholdsvis stort.

Andre verneverdige kulturminne som SEFRAK-bygg m.m. er ivaretekne gjennom føresegner og retningslinjer.

Kjende verneverdige kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid som ikkje er merka i kommuneplankartet, til dømes stølsmiljø o.l., bør merkast som omsynssone C SOSI-kode H\_570 på arealplankartet og sikrast gjennom retningslinjer.

Hordaland fylkeskommune ber om at det vert lagt inn retningslinjer for Kyrkjer og kyrkjestader som seier noko om saker som vedkjem kyrkja og omgivnadene til kyrkja, til dømes:

*Etter kirkeloven § 21 femte ledd, er det forbudt, uten tillatelse fra biskopen, å oppføre bebyggelse nærmere kirke enn 60 meter i spredtbygd område. Dette omfatter også kirkelige bygg og annen bygning på kirkens egen grunn. Enhver planlagt bygning faller innunder bestemmelsen, også bygg under 15 m2 som ikke er melde- eller søknadspliktig etter plan- og bygningsloven. Forbudet gjelder uansett kirkens alder.*

Det er også lagt til mange småbåthamner utan plankrav, dei fleste utanfor eksisterande naustbebyggelse. Hordaland fylkeskommune, ved Fylkeskonservatoren vil ha alle tiltak i sjø oversendt slik at dei kan sendast Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering i høve til marine kulturminne eller potensial for funn av slike.

Det er viktig at det pågåande arbeidet med kommunedelplan for kulturminne vert retningsgjevande og integrert i arbeidet med arealdelen til kommuneplanen.

#### Kulturhistorisk landskap

Rosendal er eit område som er peika ut i Riksantikvaren si registrering; Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Prosjektet vart ferdig i desember 2016. Kulturlandskapet med namn Rosendal bør handsamast i kommuneplan ved regulering til omsynssone kulturmiljø c). Det bør knytast relevante føresegner til, og ein kan kombinere dette med generelle føresegner. Desse kan utformast i samråd med Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune. Skildring og utstrekning av området Rosendal, samt kartavgrensing, er kjent for Kvinnherad kommune gjennom dialogen med Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren.

#### Riksantikvarens merknader

Saka er lagt frem for Riksantikvaren som ber om at følgjande føresegner vert teke med i planen:

*«Mellomalderkyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep».*

*«Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyve til inngrep skal sendast rette*

*kulturminnestyresmakt, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnader knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar».*

Vidare kommentarar frå Riksantikvaren:

*«Når det gjeld vurdering av kontinuerleg bruk av mellomalderske kyrkjegarder, er her meint ein jamn bruk av kyrkjegarden gjennom heile bruksperioden fram til i dag. Dersom delar av kyrkjegarden ikkje har vore i bruk etter 1945 meiner Riksantikvaren at desse delane av kyrkjegarden ikkje lenger tilfredsstiller vilkåret om kontinuerleg bruk. Bruk av desse delane av kyrkjegarden til gravlegging skal såleis ikkje takast opp att. Vi viser til Kirkerundskrivet, rundskriv T-3/2000 frå Miljøverndepartementet og Kirke-, utdannings- og forsknings-departementet».*

*«For all anna graving på den freda delen av kyrkjegarden skal det søkast om løyve etter kml. § 8. Riksantikvaren tilrår derfor at det ikkje vert planlagt treplanting, gjerder, stiar eller andre tiltak som vil innebere inngrep i grunnen innanfor den delen av kyrkjegarden som er avgrensa og definert som mellomalderkyrkjestad».*

### 3.12 Mineralressurser

På plankartet er det vist eit par mindre område for råstoffutvinning, men temaet er ikkje omtalt i planen. Det følgjer av plan- og bygningslova (§ 11-7) at kommuneplanen sin arealdel i nødvendig utstrekning skal vise område for råstoffutvinning, som t.d. område for uttak av byggjeråstoff (sand, grus og pukk). På landsbasis ligg årleg forbruk av desse byggjeråstoffa på 10-12 tonn per innbyggjar. I regjeringa sine forventningar til regional og lokal planlegging (2015), vert det forventa at fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogeleg utvinning og veg dette opp mot andre samfunnsinteresser. Spesielt vert det forventa at behovet for og tilgangen til byggjeråstoff vert sett i ein regional samanheng.

I forhold til kommuneplanen sin arealdel, vil det i denne omgang vere viktig å søkje å unngå at evt. viktige mineralførekomstar vert gjort utilgjengelege som følgje av planen, t.d. ved nedbygging. For byggjeråstoffa sand, grus og pukk er det gjennomført ressurskartlegging og verdivurderingar i statleg regi (Norges geologiske undersøking) som viser mange sand- og grusførekomstar i kommunen og mogelege område for uttak av pukk. Fleire av førekomstane er vurdert som lokalt viktige, men ingen som regionalt eller nasjonalt viktige. Plankartet kan tyde på ein del nedbygging av lokalt viktige sand/grusførekomstar i Dimmelsvik, Ænes og Austrepollen, som helst skulle vore omtalt og vurdert i planen.

### 3.13 Klima og energi

God arealbruk som reduserer transportbehov og legg opp til mindre energibruk er viktig for å redusere belastninga på klimaet. Dette har sterk samanheng med omtala under samordna- areal og transportplanlegging og senterstruktur. Vi rår til at føresegnene set krav om at klimavenlege bygg og fornybare energikjelder skal vurderast.

## 4. Innspel til utvalte arealføremål

I dette avsnittet oppsummerast nye arealføremål som er i konflikt med regionale interesser, og det vert gjeve innspel til korleis planen bør endrast. Grunna planens omfang, er det kun arealføremål som er i konflikt med kulturminne som vert kommentert.

Arealføremål	Regionale interesser	Tilråding
LNF- S		

Austlege del av LNFS-01-07 Skarvatun	Konflikt med kulturminne	Bør avgrensast eller takast heilt ut av planen, grunna tidlegare motsegn i kommunedelplan.
LNFS-12-01 Indre Matre	Konflikt med kulturminne	Bør avgrensast eller takast heilt ut av planen, reduserast nord for vegen grunna svært stort potensial for funn av automatisk freda kulturminne
LNFS-04-12	Konflikt med kulturminne	Bør gå ut grunna nærføring til Malmanger prestegard som er freda.
Del av LNSF-06-04 som omfattar Fjellandsbø	Konflikt med kulturminne	Bør gå ut grunna kulturlandskap og kulturmiljø
LNSF-15-01 på Fjellbergøy	Konflikt med kulturminne	bør avgrensast slik at det ikkje omfattar den søre del av området ved Fjeldberg prestegard.
<b>Småbåthamn</b>		
Småbåthamn Sm-03-06	Konflikt med kulturminne og kulturmiljø	Planområdet bør avgrensast eller takast heilt ut grunna automatisk freda kulturminne id. 212354 og det samla kulturmiljøet. Skal det opnast for tiltak må det stillast plankrav.
Austlege del av småbåthamn Sm-15-01	Konflikt med kulturminne og kulturmiljø	Planområdet bør takast ut eller reduserast grunna nærføring til freda bygg og kulturmiljø.

## 5. Oppsummering

Kvinnherad kommune har sendt arealdelen til kommuneplanen på høyring. Kommunen har utarbeidd ein kommunedekkande arealdel til erstatning for 6 kommunedelplanar. Dette vil vera eit viktig tiltak for å leggja til rette for ei god forvaltning av kommunen sine areal og føreseieleg og meir effektiv sakshandsaming. Føremålet med rulleringa var ei teknisk oppdatering, men utvikla seg til ei meir omfattande rullering.

Det er lagt ned eit omfattande arbeid for å etablere eit godt og brukarvenleg arealkart med tilgjengeleg informasjon. Kommunen har lukkast med dette.

Planskildringa er ein viktig juridisk del av arealdelen. Denne er knapp og bør i større grad innehalda ei drøfting av behov, mål og strategiar, og korleis dette vert sikra gjennom ny arealbruk.

Kommunen har hatt fokus på å finne løysingar for å samla mange mindre område for bustad, naust, fritidsbustader og næring i større felles føremål. Dette gjer kommunen ved å leggje til rette for mange og relativt store område for landbruk, natur og friluftsliv der spreidd utbygging er tillate (LNF-S). Gjennom føresegner er det sett vilkår for etablering, og avgrensa kor mange einingar for bustader, fritidsbustader, naust og næring det kan opnast for i planperioden. Fylkesrådmannen meiner det vert lagt opp til for lite styring av utbygginga, og tilrår ei avgrensing i omfang.

Senterstruktur og fastsetjing av sentrumsutstrekning bør innarbeidast i planen. Behov for handel og lokalisering av handel bør omtalast i samsvar med Senterplanen.

Strandsona er ein viktig ressurs og har eit generelt vern i 100m-beltet. Kommunen bør ha ei tydelegare grunngjeving for den definerte byggjegrensa langs sjø, basert på funksjonell strandsone-kartlegginga. Det gjeld og for område for naust, bryggjer, flytebryggjer og moloar.

Kommunen har i stor grad teke omsyn til kulturminne og kulturmiljø i planen. Det vert likevel rådd til motsegn til planen grunna område i arealføremåla LNF-S og småbåthamn, samt manglar i føresegnene. Fylkesrådmannen ber om at desse konkrete områda vert redusert eller teke ut av planen. Motsegn vert trekt om kommunen innarbeider tilrådde endringar i føresegnene, samt nokre få endringar i plankartet.

Fylkesrådmannen meiner omsynet til folkehelse og barn og unge sine interesser kunne vore betre utgreidd og grunngjeve. Når det gjeld mineralressursar og akvakultur meiner fylkesrådmannen planen sikrar desse interessene på ein tilfredsstillande måte.